



Arbeidstilsynet  
Postboks 4720 Sluppen  
7468 TRONDHEIM

Dato: 30.09.2014  
Vår ref.: 2014/21358-2  
Saksbehandlar: johmeyer  
Dykkar ref.:2014/88867

## **Vedkomande tilsyn ved Fylkeshuset 12. september i år**

Vi viser til brev datert 22.september i år, motteke ved vårt kontor 29.september.

Fylkesrådmannen har i dag gjort følgjande vedtak:

«I samsvar med lov om vern mot tobakkskader vert det med verknad frå 3. oktober 2014 innført røykfri sone i og rundt Fylkeshuset med tilhøyrande lokale i Wigandgården og Aasegården. Dette inneber at det ikkje er tillate å røyke på eigedomane som fylkeskommunen disponerer. Området omfattar inngangspartia rundt Fylkeshuset, parkeringområda i U1 og U2 samt 2. etasje, uteområdet i Fylkeshuset 5 etasje og uteområdet i 8 etasje i Wigandgården.»

Eigedomssjefen har fått i oppdrag å sjå til at vedtaket vert gjennomført ved oppslag på dei områda der det er naudsynt. Kommunikasjonsdirektøren har fått i oppdrag å informere alle tilsette.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør organisasjon

Johan J Meyer  
forhandlingssjef

Kopi: Eigedomssjefen, her.  
Kommunikasjonsdirektøren, her.  
Hovudverneombodet ved fylkesadministrasjonen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*